



Statens vegvesen

VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900
5020 BERGEN

Eivind Yttri

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Jan Andresen / 61271122

Vår referanse:
20/170896-2

Deres referanse:

Vår dato:
18.09.2020

Nasjonal turistveg Gaularfjellet – eit viktig verkemiddel for auka verdiskaping i reiselivet

Vi viser til brev frå Vestland fylkeskommune datert 28. august 2020 til Sunnfjord kommune om vinterstenging av fv. 613 frå 1. desember til 1. juni.

Som kjent er Gaularfjellet er ein av dei 18 vegane som inngår i turistattraksjonen Nasjonale turistvegar. Heile føremålet med satsinga er å bidra til auka næringsutvikling og busetjing i distrikta. Statens vegvesen har så langt investert store summer i tiltak langs denne turistvegen for å styrka tilbodet og gi gode opplevingar til turistane.

Effektundersøkingar utført av Menon Economics i 2019 stadfestar at satsinga på Nasjonal turistveg Gaularfjellet har bidratt til auka verdiskaping. Menon-rapporten konkluderer med at reiselivsbedriftene langs Nasjonal turistveg Gaularfjellet har hatt ein sterkare vekst enn referansegruppene på regionalt og nasjonalt nivå, med over 60 prosent verdiskapingsvekst frå 2010 til 2017. Dette er ein vekst som er over 20 prosentpoeng høgare enn liknande bedrifter i distrikta på Vestlandet og nær dobbelt så høg som liknande bedrifter i heile landet elles. Den sterkaste veksten har kome etter ferdigstilling av dei viktigaste turistvegpunkta. Intervju utført av Statens vegvesen med 24 aktørar langs Nasjonal turistveg Gaularfjellet stadfestar funna frå Menon. Her går det fram at aktørar i Balestrand og Sunnfjord Utvikling jobbar med å få på plass fleire heilårsaktivitetar med lengda på opningstida for Gaularfjellsvegen som viktig for å lykkast. Dette engasjementet er heilt i tråd med Innovasjon Norge sitt uttalte mål om sesongforlenging.

Dei kommande tre åra har vi planar om å styrka Nasjonal turistveg Gaularfjellet med nye turistvegprosjekt ved Hestad kapell og Eikelandsfossen. Dei langsiktige planane inneheld også rasteplassar langs fjorden på Sognesida, ved Vallestadfossen og på Rørvikfjellet samt styrking av servicetilbodet ved Likholefossen. Målet med dette statlege engasjementet i infrastruktur for turistane er å bidra til auka verdiskaping hjå reiselivet. Vi håper at dette er

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Industrigata 1
2619 LILLEHAMMER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

ein ambisjon som fylkeskommunen med sitt vegeigaransvar og ansvar for regional utvikling legg til grunn i sine prioriteringar i åra framover.

Statens vegvesen, Nasjonale turistvegar
Med helsing

Jan Andresen
Seksjonsleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.